



Gudbrandsdølen Dagningen

Mandag 25. august 2014 Nr. 194 177. årgang www.gd.no Kr. 25.00

Prologpris til gild kar

Ole Jonny Bekkemellem har skrive «Gild kar»-og mange andre populære VON-tekster. Laurdag vart han sjølv gild kar som vinnar av Sels første dikt- og prologpris.

Side 8 og 9



Trur fjellopera har globalt potensiale

Arrangørane av fjelloperaen «Stemmer frå Mimisbrunn» ved Galdhøpiggen vil gjere forestillinga til ei verdshending. Laurdag vart 14 av versa frå eddadiktet «Voluspå» framført i lett snødrev.

Side 20 og 21



VM i full gang

Kjell Tore Bjørnhaug og Thor Nagell fikk mye skryt fra terrengsyklistene som inntok Hafjell i helgen.

Side 12 og 13



Hjelpekorps-NM

Førstehjelpere fra hele landet konkurrerte i Norgesmesterskapet for hjelpekorps.

Side 10



– Har alt å vinne

Privatetterforsker Ola Thune mener den siktede i drapsaken i Øyer gjør lurt i å melde seg for politiet.

Side 6



Sikringstyttingen nytte

■ 254 snøanker vart montert i fjellsida for å hindre at snøfonna i Stabrekka skulle gå over turistvegen mellom Skjåk og Geiranger.

■ Men naturen og fonna lot seg ikkje stoppe. Nå er alle snøankra plukka ned igjen. Prosjektet har kosta millionar av kroner. Side 4 og 5

Foto: Kålas Spersind

Se annonser i GD onsdag

BIRKEN

3 DAGER IGENJEN!

Sykkel og shopping!

HÅKONS HALL
Åpent for alle!

sport 1
Lillehammer

Kirkegt. 55, Lillehammer • Tlf. 61 24 70 70 • www.sport1lillehammer.no



Ullinsvin framstår med ny attraksjon

Fleire hundre hadde møtt fram da ordførar Iselin Jonassen foretok den offisielle opninga av Oldemor's urtehage i Ullinsvin.

– Fantastisk spennande. Prestegardshagen i Vågåmo er ein ny attraksjon som får fram eit større mangfald i distriktet og historia vår, seier direktør Torveig Dahl i Gudbrandsdalsmusea.

Sjå side 7

Snøanker til ingen

254 snøanker skulle halde fonna i rasutsette Stabrekka i sjakk. Prosjektet var mislykka.

Av **Elias Sperstad**

elias.sperstad@gdd.no
Mobil 958 35 907

SKJÅK: Ein hær med prikk like galvaniserte jernkonstruksjonar står oppstilt i krysset der Geirangervegen Rv 63 svingar av frå Rv 15 i Breidalen i Skjåk. I sommar har dei nærmast fungert som ein turistattraksjon. Folk undrast over kva dette er.

Losna

Historia om snøankerprosjektet i Stabrekka starta tidleg på 2000-talet. Fonna i Stabrekka skulle temjast. Kvart einaste år går den over turistvegen mellom Skjåk og Geiranger. Men tidspunktet er forskjellig. Ofte blir fonna hengande i den bratte fjellsida til langt ut i juni. Andre gonger går det tidleg i mai. I 2004 vart vegen opna 5. mai. Året etter 21. juni. For å få ei meir forutstigbar opning av turistvegen kom snøankerprosjektet på banen.

Hausten 2005 starta monteringa i den austlege delen av Stabrekka. Planen var at det skulle monterast 254 anker. 172 vart denne hausten bolta i fjellet. Men fonna losna året etter med store delar av sin tyngde og reiv med seg 30-40 anker. Det var for få anker og for svak konstruksjon.

Store krefter

Så vart det bestemt at i løpet av 2008 skulle prosjektet gjennomførast. Snøankera skulle boltast fast i fjellet med to meter djupe hol med ein diameter på 64 millimeter. Oppgava i det stupbratte svaberget var krevjande.

September 2009 meldte Statens vegvesen av fyrste del med å rassi-kre Stabrekka var fullført. Planen var at den vestlege delen skulle sikrast seinare. Slik gjekk det ikkje. For det viste seg at snøankera losna litt etter litt.

– Det er snakk om store krefter når ei slik fonn bevegar seg. Skulle det vore fullgodt, måtte vi montert fire gonger så mange snøanker, seier overingeniør Halgeir Dahle i Statens vegvesen.

Etaten har heile tida understreka at dette var eit forsøksprosjekt med usikkert utfall. Folk med stor lokalkunnskap, brøytemannskap inkludert, rista på hovudet da prosjekt snøanker starta.

Dei kjende og kjemner Stabrekka som trå og vanskeleg. Også da det tidleg på 2000-talet vart forsøkt å bombe fonna ned med militært skyts, og seinare med vassbombing frå helikopter, viste fonna



SNØANKER: Hæren av 254 snøanker har i sommar stått i Geirangerkrysset. I bakgrunn til høgre ser vi fjellet der dei vart montert og seinare sette område.

at her er det ho som rår.

Etter tilråding frå ordførarane i Skjåk, Stranda og Norddal vart prosjektet i samråd med vegvesenet stoppa. I fjor haust vart alle snøankera demontert og flogge ned att med helikopter.

Nå skal prosjektet evaluerast, opplyser avdelingsdirektør Knut Ivar Nauste i Statens vegvesen. – Vi skal også ta stilling til om snøankera kan nyttast i andre område, seier han.

Det har ikkje lykkast GD å få den totale kostnaden på prosjektet. Men det kan vera snakk om eit titals millionar kroner.

Dahle opplyser vidare at det nå er montert overvakingssystem i Stabrekka for å lære fonna betre å kjenne. Også med tanke på tryggleiken for dei som brøyter opp den vinterstengde vegen.

Dagleg leiar i Gode Vegar Svein Sunde er einig i at å fjerne snøankera var det einaste rette.

– Den einaste sikre løysinga er tunnel. Det kan vi få med omlegging og nye trase for Rv 15.



TUNNEL: Dagleg leiar i Gode Vegar Svein Sunde.

n nytte



fjerma frå. Nå skal Statens vegvesen evaluere prosjektet og om snøankera kan nyttast i andre rasut-
Foto: Elias Sperstad



STUPBRATT: Kenneth Cappelen og Ivar Thomassen i Trollteam hadde eit tøft oppdrag i Sta-
brekka hausten 2005.



VINTER: De siste dagene har det vært meldt om snø på mange av toppene i Sør-Norge. Vinteren er i anmarsj. Foto: Ketil Sandviken

Svensker på villspor til fjells

Et turfølgje på fem personer måtte ha assistanse for å komme seg trygt ned fra Galdhøpiggen til Spiterstulen.

Av Arndtinn Skinnlo

LOM: Fem svenske turgåere hadde lørdag tatt turen til toppen av Galdhøpiggen.

På veg ned igjen kom problemene. På grunn av snøfall og nysnø på toppen av Norges høyeste fjell var det ikke så lett å finne stien ned igjen til Spiterstulen, der de hadde teltleir.

Tiden gikk. Kveldsmørket kom. Uten særlig med lys slet turfølgjet ved midnatt lørdag, med å komme videre.

De satt på berget og så ned mot lysene fra Spiterstulen da de ringte etter hjelp.

Hovedredningssentralen ble kontaktet av politiet og en stund ble det vurdert å sende inn helikopter for å hente ut turfølgjet.

Tåke i området som vanskeliggjorde flyging, samt at turfølgjet ikke var i større nød - gjorde at

helikopterplanen ble skrinlagt. Været var brukbart med fem plussgrader, vindstille og oppholdsvar.

- Lys fra turfølgjet observeres fra Spiterstulen, og via telefon blir de nå rettet til stien som fører ned til Spiterstulen.

Det fortalte operasjonsleder Robin Olaisen ved Gudbrandsdal politidistrikt, til GD klokken 00.35 natt til søndag.

Politiet valgte å avvente situasjonen og mobiliserte ikke hjelpepersoner ut i terrenget.

- Vi regner med at dette løser seg greit når de snart når stien. Fra der og ned bør det gå bra, sa operasjonsleder Olaisen.

Som ventet fant svenskene stien og rundt klokken 03.00 var fjellturistene trygt tilbake i teltleiren, like ved Spiterstulen.

Til tross for 40 centimeter med nysnø på toppen, var det lørdag 600 personer på toppen av 2.469 meter høye Galdhøpiggen.

Kjørt 16 mil til fyllearresten

DOMBÅS: En overstadig beruset mann i slutten av 40-årene skapte noe uro i sentrum av Dombås, rundt klokken 21.00 lørdag kveld.

En politipatrulje tok hånd om mannen, og det hele endte med at mannen ble kjørt til arresten i Lillehammer - en kjøretur på nesten 16 mil. Trolig blir det et lite oppgjør med politiet i etterkant.

KJØP MARKISE!

FÅ MED GASSEIS

TA KONTAKT FOR IVERMERE INFO

Avdeling Lillehammer
Storgata 148

815 00 004
Åpen kundetelefon 0800 - 1600

markisemannen.no